



I arbeid for ein branntrygg kvardag

Til eigar av fritidsbustad i kommunane Lindås og Meland,

Feiing og tilsyn av fritidsbustad

1. januar 2016 fekk vi ei ny forskrift om brannførebygging. Eitt av tiltaka i den nye forskrifta er at fritidsbustader får same krav til branntryggleik som heilårsbustader.

Brannvesenet pliktar no å gjennomføre tilsyn og feiing i alle fritidsbustader med eldstad. Under eit slikt besøk sjekkar vi branntryggleiken og om skorsteinen treng feiing. Auka krav til branntryggleik i fritidsbustad gjer at vi også sjekkar om det er røykvarslar i kvar etasje, og tilgjengeleg sløkkjeutstyr.

I samband med dei nye reglane, ønskjer vi å hente inn informasjon om fyringsanlegga i dei ulike fritidsbustadane, slik at vi kan lage ein plan for gjennomføring av tilsynet. Vi vil starte med feiing og tilsyn i fritidsbustader før sommaren og ber deg difor fylle ut vedlagte skjema og returnere til oss så snart som mogleg.

Skjemaet kan du sende til oss i vedlagt returkonvolutt. Du kan også bruke det elektroniske skjemaet, som du finn på heimesida vår, www.brannvernet.no.

Kva kostar feiing og bustadtilsyn?

Gebyr for tilsyn og feiing inngår i dei kommunale avgiftene som du betalar kvart år.

Kostnaden for feiing og tilsyn er rekna ut til ein gjennomsnittleg pris per år – slik at du betalar same beløp kvart år, uavhengig om du har hatt feiing og tilsyn det året, eller ikkje.

- Årsbeløpet for feiing og tilsyn er 420 kroner per bueining. Fritidsbustad reknast som ein bueining, beløpet er likt for alle bustader med registrert eldstad.
- Tillegg for ekstra skorstein er kr 147,75.

På førehand takk for hjelpa!

Venleg helsing

Førebyggjande avdeling feiing og tilsyn
Lindås og Meland Brann & Redning